# Skjåk kommune
## Plan, samfunn og miljø

Astrid og Lodvar Brekkum

2690 SKJÅK

**Delegert vedtak**

| **Vår ref** | **Dykkar ref:** | **Saksbehandlar** | **Dato** |
|---|---|---|---|
| 2013/23/10/K12 | | Tor Taraldsrud<br>tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no | 07.02.2013 |

**Saka gjeld: Søknad om snøscootertransport av ved og proviant til Lortjønnen - Astrid og Lodvar Brekkum**

**Saksopplysning:**
Vi viser til brev frå Astrid og Lodvar Brekkum, dagsett 10.01.13.
Brekkum søker om å få frakte ved og proviant inn til hytta si i Ottadalen landskapsvernområde (LVO), og frakte ut søppel. Fiskebua ligg ved Lortjønn i Skjåk kommune. Brekkum skal bruke leigekøyrar.

**Vurdering:**
Køyringa vil foregå i LNF område og Ottadalen LVO. Frakt til bua må ha løyve frå forvaltningsmyndet til transport. Grunneigar er Skjåk Almenning. Behovet er godt dokumentert og Brekkum brukar hytta i samband med jakt og fiske.

Det trengst dispensasjon frå motorferdsellovverket. Dersom ein bruker leigekjørar er det heimel til transport av både ved og proviant jfr § 5a) i den nasjonale motorferdselforskrifta:

Det trengst dispensasjon frå forskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3.b):

> *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til: Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.*

I følgje § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

<u>§ 8 - kunnskapsgrunnlaget:</u> På bakgrunn av kunnskapsinnsamling i samband med verneplanprosessen for Reinheimen er kunnskapsgrunnlaget for området godt. Ut frå denne kunnskapen er det ikkje sannsynleg at løyvet vil påverke naturmangfaldet i området.
<u>§ 9 - føre-var prinsippet:</u> Kunnskapsgrunnlaget er godt. Det er ikkje sannsynleg at løyvet vil medføre risiko for irreversibel skade på naturmangfaldet.
<u>§ 10 - samla belasting for økosystemet:</u> Fjellområdet rundt Lortjønnen er eit viktig beiteområde for villrein året rundt. Motorferdsel her må derfor haldast på eit minimum. Samla belastning i området blir ikkje vurdert som skadeleg for økosystemet.


| **Postadresse** | **Heimeside** | **Telefon** | **Bank** |
|---|---|---|---|
| | | 61217000 | 2085.07.40004 |
| 2690 Skjåk | | **Telefaks** | **Org.nr** |
| **E-post:** post@skjaak.kommune.no | www.skjaak.kommune.no | 61217001 | 961381096 |

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.
§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Transport til Lortjønnen på snødekt mark med snøscooter vurderast å vere miljøforsvarlig.

**Vedtak med grunngjeving:**
Astrid og Lodvar Brekkum, 2690 Skjåk får løyve til å frakte ved og proviant inn til hytta si ved Lortjønn i Ottadalen landskapsvernområde og til å frakte søppel ut att. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta for Ottadalen LVO § 3 pkt. 5.3.b).

**Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:**
1. Løyvet gjeld for inntil 1 tur.
2. Transporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
3. Køyringa skal gjennomførast i innan 20. april 2013. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
4. Det skal brukast leigekøyrar som har heimel til å drive leigekøyring i Skjåk kommune.
5. Motorferdsla skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen tlf. 97057213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
6. Det skal førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni kvart år.
7. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
8. Køyringa skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**.*
*Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.*

Med helsing

Tor Taraldsrud

Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

| | |
|---|---|
| DN | Rauma kommune |
| FM Oppland | Vågå kommune |
| KUR | SNO-Skjåk |
| Lesja kommune | SNO-Åndalsnes |
| Lom kommune | Skjåk Almenning |
| Norddal kommune | |